



Ytre Sogn vassområde
Sogn og Fjordane vassregion

Aktivitetsplan for 2019

Hovudmål

1. Bidra i revideringsprosessen for ny regional plan for vassforvaltning
2. Styrke kunnskapsgrunnlaget ved å gjennomføre miljøundersøkingar
3. Følgje opp inneverande regionalt tiltaksprogram
4. Jobbe for god medverking gjennom referansegruppa

Aktivitetsmål

Miljøundersøkingar

1. Halde fram med vassprøvetaking med føremål å
 - a. avklare økologisk tilstand i utvalde vassførekomstar
 - b. tiltaksovervaking; følgje utviklinga i miljøtilstand i vassførekomstar med tiltak
2. Fullføre prosjekt om vandringshinder ved kommunale vegar
3. Fullføre hydromorfologi-prosjektet for førbygde/kanaliserte elver
4. Undersøke kjemisk tilstand i vassførekomstar med avrenning frå gamle avfallsplassar. Inkludert i dette er vurdering av eksisterande kunnskapsgrunnlag, lage oppfølgingsplanar og leggje fram forslag til tiltak
5. Vurdere behov for å starte opp anbudsprosess for problemkartlegging og tilførselsanalyse for eit utval av vassførekomstar oppført i regionalt tiltaksprogram
6. Bistå kommunane i samband med synfaringar. Gjeld vassførekomstar med behov for tiltak / i risiko for å ikkje nå miljømål
7. Sørge for at det blir skriva rapport for vassprøvetakinga gjennomført i 2017-2018

Avløpssektoren

8. Arrangere temamøte om avløp i samband med fylkesprosjektet for avløp

Landbrukssektoren

9. Bidra til at kommunane tek i bruk nytt kartverktøy for landbruksreining
10. Arrangere temamøte om landbruk og vassmiljø

Plansektoren

11. Arrangere temamøte om oppfølging av vassforskrifta gjennom planarbeid (bistå kommunane med å innarbeide vassforskrifta i kommunal planlegging)

Medverking og informasjon

12. Oppdatere og drifte heimesida til vassområdet på Vannportalen
13. Invitere medlemar i referansegruppa med på relevante temamøte og synfaringar
14. Informere medlemar i referansegruppa når det blir lagt ut ny relevant informasjon på heimesida på Vannportalen
15. Ved interesse, arrangere eit årleg møte for heile referansegruppa

Generell oppfølging/rapportering

16. Bidra til at det skisserast nye tiltak der dette er naudsynt for å nå miljømåla. Frist for tiltak som skal inngå i regionalt tiltaksprogram for perioden 2022-2027 er 2019
17. Jobbe fram gode søknadar om støtte til tiltak frå relevante tilskotsordningar
18. Bistå kommunane i oppfølging av vassførekomstar med tiltak
19. Saman med kommunane vurdere behov for strengare miljømål i vassførekomstar tilknytta drikkevatt eller badeplassar
20. Kvalitetssikre kunnskapsgrunlaget i Vann-Nett i lag med kommunane
21. Avhalde møte i vassområdeutvalet og prosjektgruppa etter behov
22. Kunnskapsbygging/erfaringsutveksling. Delta på relevante møte, fagtreff og seminar
23. Høyring/innspeil til Planprogrammet og hovedutfordringsdokumenta for planperioden 2021-2027
24. Følgje opp temaet vilkårsrevisjon